



SKYSS
Postboks 7900
5020 BERGEN

Florø 22.9.2014

Behov for betre regularitet på ferjesambandet over Fensfjorden.

Kystvegen Ålesund – Bergen er ein samarbeidsorganisasjon av alle kystkommunane mellom Bergen og Ålesund. Formålet er, som namnet seier, å få etablert vegsamband langs kysten som eit supplement til E39 som gjennom denne delen av Vestlandet går i indre fjordstrøk. Samband til industrimiljøet i Nordhordland er eit viktig argument for Kystvegen. Som kjent er det eit ekspansivt næringsliv på begge sider av Fensfjorden. Vi reknar med at ferje vil vere metoden for å krysse både Fensfjorden og Sognefjorden i mange år framover, men det er eit sterkt ynskje, innan rimeleg tid å få rusta opp FV57 gjennom Gulen og nord for Sognefjorden. God frekvens og regularitet på ferjesambanda er viktige for at kystvegen skal fungere tilfredsstillande, både regionalt og lokalt.

Vi registrerer at sambandet over Fensfjorden er trafikkert med materiell som relativt ofte er utsett for tekniske feil som gjer at ferja blir liggande i kortare eller lengre periodar og at ein passasjerbåt då utgjer reserveløysinga. Dette er sjølvstilt ikkje tilfredsstillande. Vi bed om at det blir sett inn meir driftssikkert ferjemateriell på sambandet, helst med to ferjer som kan gi betre frekvens og regularitet.

Med helsing,

For styret i Kystvegen Ålesund – Bergen

Bengt Solheim – Olsen
styreleiar / ordførar i Flora kommune.
(BREVET BLIR SENDT ELEKTRONISK UTAN SIGNATUR)

Kopi til:

Sogn og Fjordane fylkeskommune, Samferdsleutvalet
Gulen kommune
HAFS Regionråd
Region Nordhordland
NHIL

Kystvegen Ålesund – Bergen
c/o Flora Kommune,
Markegata 51
6900 Florø

Eivind Hjellum
tlf 415 30 160
eivind@kystvegen.no